



**I natt startar ein ny fiskesesong i ei god fiskeelv - Uskedalselva. Det er venta gode fangstar også i år sjølv om det vart sett rekord i fjor og elveeigarlaget stillar opp med eiga heimesider for informasjon og registrering. Samstundes er det på gang opprusting av informasjonen langs sjølve elva.**

Det skjer i nært samarbeid med Uskedalen Utvikling og eit døme på det er plakat-tavla som er avbilda her og som står ved den nedre brua. Tavla er riktig innbydande og inneheld både generell og aktuell informasjon. Laget opplysar at meir informasjon vil koma opp i dei nærmaste dagane.